

To blink på bjørnejakt

– Det var verkeleg ei eksotisk oppleving, seier Sveinung Halle, som nyleg kom heim etter ei jaktoppleving utanom det vanlege. I Ca-


nada formeleg krydde det av bjørn, og for bjørnejegeren frå Hallebygda vart resultatet to svartbjørnar.

SIDE 14



Fem bjørnar på seks dagar

Per Niklas Kvam har vore med på å skyte fem bjørnar i Canada,



Sveinung felte to bamsar

Sveinung Halle er akkurat komen heim etter ei jaktopleveling utanom det vanlege. Under opphaldet i Canada felte hallebygda- ren to svartbjørnar.

- Det var verkeleg ei eksotisk oppleving. I Canada formeleg krydde det av svartbjørn, fortel bjørnejegeren.

Sveinung og ein kompis frå Oslo med anar i Herøy og Sande, Arne Igesund, sonderter terrenget ei stund før dei fann fram til den norske turarrangøren Mylla Jakt- og Fiskereiser. Gode referansar gjorde at dei to valde dette selskapet og tinga seg tur.

Guttetur

Saman med fire andre reiste dei over til Kanada og fekk seg eit tidagars opphald, ein real guttetur som inkluderte både jakt og turisme.

- Vårt jaktområde utgjorde om lag fem tusen kvadratkilometer, og vi nytta dei mange gode skogsvegane i området. På førehand var det først og fremst svartbjørnen vi hadde forhåpningar til å jakte på. Og vi vart ikkje skuffa, fortel Sveinung.

Det vert stilt krav om at lokale kjentmenn styrer bjørnejakta, og det er både viktig og resultatgjevande.

Sveinung fekk oppleve å felle to svartbjørnar, den eine av den vanlege svarte typen, den andre av den meir sjeldne brune sorten. Den største av bjørnane var rundt 1,80 meter lang.

- Det var ikkje fritt for at pulsen steig litt. Medan det for folk i Canada er nærast daglegdags å felle bjørn, er dette sjølv sagt noko heilt spesielt for oss nordmenn. Jaktteknikken var om lag som i hjortejakt; ein må passe på at bjørnen ikkje får ferten av deg og snike seg nærast mogleg, seier han.

800.000 svartbjørn

Enkelte kan kanskje lure litt på om det kan vere noko glede i å drepe dei «flotte bamsane», men lokalt er det rekna som viktig å halde bestanden nede. Einkvan må halde bestanden nede uansett, og då kan det like gjerne vere jaktturistar frå andre verdshalvdelar.

- Det vart opplyst at det er rundt 800.000 svartbjørn berre i Canada, og dei reknar det som eit stort problem at bestanden



* Svartbjørnen som var seks fot lang. Hallebygda- ren har tinga begge dei to bjørnane av ein taksidermist, og desse vert flotte trofè.

ikkje vert halden tilstrekkeleg nede, fortel Sveinung Halle til Vestlandsnytt.

- Vi såg sikkert rundt hundre bjørnar berre på vår ekspedisjon, legg han til.

Den langt større og sjeldnare grizzlybjørnen såg gjengen ikkje noko til.

Fylgjet hadde også løyve til ulvejakt, men det vart ikkje felt ulv - coyote - på denne turen.

- Men vi såg ein del ulv, i tillegg til elg og dei spesielle geitene som kallast billygoats. I det heile var det ein flott tur med fantastisk natur og dyreliv. Det er utruleg store vidder og område i Canada, og det vert fortalt at reinarten caribou enkelte stadar kjem heilt inn til folk rett og slett fordi dei ikkje har lært seg å vere redd for menneske, seier Sveinung.

Antilopejakt i Afrika

Her heime held Sveinung seg helst til den lokale hjortejakta, men han likar altså å ta seg ein avstikkar på eksotiske utlandsreiser. I 2005 var Sveinung på jakttur til Sør-Afrika, ei heilt annleis oppleving der

ulike antilopeartar utgjorde jaktobjekta. Ein knalltur der fylgjet også fekk kombinere jakta med naturopplevingar og å lære historie.

Men akkurat no er det bjørnejakta som sit klistra til Sveinung sitt minne.

- Om vi åt bjørnekjøtt? Ja, vi smakte på det til middag ein kveld, og det var heilt OK. Ikkje den største matopplevinga, men greitt nok. Kanskje kunne det minne litt om storfejøtt, seier jegeren frå Hallebygda som til dagleg arbeider på ringnotbåt. Kjøttet kom etter Sveinung sine opplysingar lokale indianarar til gode.

Til hausten håpar Sveinung å få bjørneskinna med utstoppa hovud tilsendt heim att, to fine jakttrofè som han kan mimre om saman med barnebarna når den tid kjem. Han ventar elles også på trofèa frå Afrika, men er meir usikker på leveransen derifrå.

Noko av det som kanskje overraska Sveinung på bjørnejakta, var kor mykje bjørn det var i området

- Til dei som lurar på å reise



* Sveinung med den sjeldne brune svartbjørnen som han felte.

på bjørnejakt eller til Canada generelt, må rådet vere at folk brukar reiseselskap med godt ry. Sjekk gjerne referansar frå fleire. Mange trur kanskje også

at det er «skrekkeleg dyrt». Men det er det ikkje. Alt i alt betalte eg rundt 40.000 kroner for heile turen til Canada, oppsummerer Sveinung Halle.



* Her ser vi heile fylgjet på tur i Jasper nasjonalpark i delstaten Alberta. F.v. Per Niklas Kvam, Ola Kvam, reiseleiari Vegard Eriksen frå Mylla Jakt- og Fiskereiser, Sveinung Halle, Ståle Wangensteen og Arne Igesund.



* Her ser vi Sveinung (nr. to f.v.) på Afrika-turen i 2005, der antilopejakt var «det store». På bildet ser vi t.h. Cecilie Longva og mannen hennar, Frank Igesund. Ho er opphaveleg frå Larsnes.